

**Meir asfalt i Skårhaug til våren**

18.09.2010

**Her vil det bli asfaltert til våren.**

**Skårhaug Vel har hatt medlemsmøte i dag og gjort vedtak om å gjennomføra etappe 2 i asfalteringsplanen. Medan det vart asfaltert 84 meter hovudveg i august i fjor skal det i denne etappen leggjast 90 meter til våren.**

**Rekninga for 11 oppsittarar i fjor kom på 70.800 kroner medan neste rekning - for 8 av oppsittarane - truleg blir rundt 80.000 kroner. Summen blir fordelt etter ein bestemt nøkkel.  
I tillegg kjem det kvar og ein må betala for sidevegar Dei blir naturleg nok asfaltert samtidig..**



Jan Henrik Hansen - glad for ny asfalt-etappe.

Det er stor tilfredsheit over at asfaltringa blir gjennomført og no fullførd i den brattlendte 'bydelen' der det første huset vart reist før krigen og det siste for få år sidan. Det er plass til flere hus, men her kjem avkøyrsleproblema inn som ein hindring.



Første asfaltetappe opp frå fylkesvegen vart lagd i fjor.

Første etappe stoppar like ovanfor svingen medan den neste etappe går opp til Sjøwalls garasje. Haugland Maskin skal som i fjor gjera førebuingane og her kan det også bli aktuelt med ein viss dugnadsinnsats.NCC gjennomførde sjølve asfaltringa, Det vil vera praktisk å venta til våren med prosjektet på grunn av tilhøva på sidevegane.

Det møtte 9 av 11 medlemer på medlemsmøtet, og dei var også opptekne av høgspentlinja som etter lang ventetid framleis ikkje er lagt i bakken . Det vil bli teke nye initiativ for å få fart i dette prosjektet.

Jan Henrik Hansen er formann i Skårhaug Vel medan Nils Haugland er kasserar og Jens Jacob Haugland styremedlem.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen.



Asfalteringa i full gang i fjor.